

Forskrift om opningstider for serveringsstader i Stord kommune

Med heimel i lov av 13. juni 1997 nr 55 om serveringsvirksomhet (heretter nemnd som serveringslova) fastset Stord kommune følgjande forskrift om opningstider for serveringsstader i kommunen, jfr. lova sin § 15 første ledd:

§ 1. MÅL

Målet med forskrifta er å gje serveringsstadane gode og føreseielege rammevilkår gjennom like opningstider.

§ 2. VIRKEOMRÅDE

Med serveringsstad meiner ein *“alle serveringssteder der det foregår servering av mat og/eller drikke og hvor forholdene ligger til rette for fortæring på stedet”*, jfr. serveringslova § 2, første avsnitt.

Forskrifta omfattar såleis serveringsstader som ikkje er gitt skjenkeløyve etter alkohollova, dvs. restaurantar, spisestader, pub/bar, kafear, storkioskar, gatekjøkken, potetvagner, “pølsekioskar”, bensinstasjonar o l.

Opningstidene for såkalla *skjenkestader*, dvs. serveringsstader som er gitt skjenkeløyve etter alkohollova, samsvarer med skjenketidene som er fastsette i Stord kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer.

§ 3. OPNINGSTIDER

Serveringsstader kan halda ope heile døgnet. Serveringsstader kan ikkje servera utandørs etter kl. 24.00 nokon dagar.

§ 4. OVERNATTINGSSTADER

Overnattingsstader kan servera mat heile døgnet til overnattingsgjester.

§ 5. IVERKSETTING

Forskrifta trer i kraft frå 01.05.2016.